



Dei to kora saman i Babite i april i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Klokka 01 natt til fredag (1.mai) kjem bussen med koret Atskana frå Babite ved Riga i Latvia til Uskedalen. I bussen er det 47 kormedlemmer og dansarar som blir i Kvinnherad til måndagsnatta.**

**Under opphaldet vil koret, bli innkvartert hos kormedlemmene i Røysterett for alle. Dei vil syngja offentleg tre gonger under konsertar her i kommunen - og ein gong meir uformelt, men offentleg. Latviakoret syng saman med Røysterett for alle to gonger.**



Så fint takka Røysterett for alle under applausen i Latvia! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vertskoret, som vitja Atskana (tyder Ekko) i Babite i april i fjor, har lagt mykje og grundig arbeid i førebuingane. Det er eit av dei fremste kora i Latvia som kjem på vitjing og det seier ikkje så lite. Dei baltiske statane er kjende for 'den syngjande revolusjon', dei stilte opp med song mot makthavarane i Kreml.



Røysterett for alle i Valmiera i Latvia i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Helgheim er base under korvitjinga og der blir også latviarane mottekne. Etter ein enkel velkomst-seremoni om føremiddagen drar koret til Husnes der det skal syngja under under 1.mai-arrangementet i Kulturhuset. Etter dette køyrer koret til Halsnøy Kloster, der Røysterett-dirigent Maria Malmsten residerer for tida. Det blir ein dose klosterhistorie og sjølvstekt song og servering før turen går attende til Uskedalen.

Laurdagsprogrammet blir innleia med ein liten konsert framfor SPAR, så kundane bør vera tidleg ute og få ei stor ekstraoppleving denne dagen. Ein stor del av dagen blir gjennomført under mottoet 'Frå fjord til fonn' og Sundal og Bondhusvatnet er naturleg nok målet - med innlagt lunsj i Olaløo.

Om ettermiddagen er det konsert med dei to kora i Kvinnherad kyrkje. Atskana hadde eit sterkt ønskje om å få syngja i ei kyrkje fordi dei har mange kyrkjelege songar på repertoaret sitt. Om kvelden er det duka for songarfest i Helgheim!

Sundagen har også eit hektisk program, som blir innleia med ei kulturhistorisk vandring gjennom Uskedalen og med besøk på Friheim og Fjellandsbø som høgdepunktet. Også det blir ei sterk opplevning for gjestene som kjem frå eit land der høgste 'fjellet' er vel 300 meter over havet!

Om ettermiddagen blir det konsert i Aktivitetshuset før avslutningssamver i Helgheim. I Aktivitetshuset blir det også noko meir enn song. Her deltek også Frode Kaldestad på klaver, Tiril Eirunn Einarsdotter (dottera til Maria Malmsten) på fiolin og Agnes Tyldum med dans til fleire av songane til Røysterett for alle.

Det er ingen tvil om at korvitjinga frå Latvia blir eit av dei kulturelle høgdepunkta i Uskedalen og Kvinnherad dette året.

Av Ola Matti Mathisen





Dirigentane Ginta og Maria fann tonen i Babite og gjer det nok igjen i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)